



Statens vegvesen

FanAgro AS
Krokeidevegen 13
5244 FANA

Ove Frotvedt

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/193219-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.02.2018

Førehandstilsegn – Søknad om å flytte avkjørsel – fv. 565 – gnr. 48 bnr. 3 m.fl. – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 02.11.2017. Vi var på synfaring på staden 05.12.2017.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til flytting av avkøyrslle frå fv. 565 til gnr. 48 bnr. 3 m.fl i Radøy kommune, *vår referanse fv. 565 hp 50 km 1,968.*

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 19.02.2018. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslle*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld avkøyrslle til skogbruk.
3. Frisikt 1,1 m over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45m til kvar side av køyrebanen (*sjå Krav til utforming av avkøyrslle*). Tilsvarande skal sikta fram- og bakover på vegen minimum 45 meter, målt frå eit punkt 10 meter frå avkøyrsllepunktet. Vi gjer særleg merksam på at sikta til høgre i avkøyrsla må utbetrast, samt framoversikta på fylkesvegen.
4. Svingradius skal vere 12,5 meter (diameter 25 meter). Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 6 meter (*Sjå Krav til utforming*).

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

5. Stigningskravet må overhaldast. Vi vil særleg gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall 5 cm frå hovudvegen på dei første 2 meterane (sjå *Krav til utforming*).
6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslar, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
8. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna (sjå *Krav til utforming av avkøyrslar*).
9. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslar* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
10. Dagens avkøyrslar skal stengast.
11. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.
12. Det er eit vilkår at kommunen har gjeve naudsynte løyver til tiltaket.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslan har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrslar* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrslar kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå.

Det er søkt om å flytte avkøyrslar fordi den ikkje har tilfredstillande utforming for større køyretoy. Den nye plasseringa ligg i nærleiken av ein skarp sving. Dette er ei utfordring med omsyn på trafikktryggleiken, og det er viktig å overhalde den nye plasseringa. Avkøyrslapunktet er flytta meir i retning nord i høve til kva som var søkt om.

Sjølv om ein oppnår god sikt i avkøyrslapunktet med omsøkte plassering, vil det vere utfordringar med stoppsikt framover på køyrebana. Dette kravet kjem der avkøyrslar ligg ved

ein bakketopp eller ved kurve der t.d terreng hindrar stoppsikta. Stoppsikta framover skal i dette tilfellet vere 45 meter, målt 10 meter før avkøyrslpunktet, når ein kjem frå nord. Grunngevinga for stoppsikta er at ein skal ha tilfredstillande sikt til motgåande trafikk ved venstresving inn i avkøyrsla. Med bakgrunn i dette må det også gjerast utbetringar på nordsida av fylkesvegen, der ein må fjerne terreng i vegskjeringa.

Vi ser i dette tilfellet at tiltaket krev store terrenginngrep på begge sider av fylkesvegen, både for å tilfredsstille siktkrav i avkøyrsla, men også krav til framoversikt i køyrebanane ved venstresving inn i avkøyrsla.

Føremålet med tiltaket er å oppgradere avkøyrsla til bruksklasse 4 jf. *Normalar for landbruksvegar*. Dette tilsvarar *Sommerbilveg for bil med hengar*. Det skal dimensjonert etter vogntog inntil 24 m. Vi vil gjere merkisam på at fylkesvegen har **bruksklasse BKt10** for tømmertransport, dvs at fylkesvegen er dimensjonert for **vogntoglengde 19,5 m og maks 50t**.

Det er elles fleire vegskilt i området, og alle vegskilt i området må setjast opp att. Dette må utførast i samråd med vegseksjon i Nordhordland. Det er også planlagt ny fv. 565 som kan gje føringar for bruk av området fram i tid.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)

Situasjonsplan

Krav til utforming av avkøyrsla

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsla

Statens vegvesens saksnummer 17/193219

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø


Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fv. 565, hp 50, km 1,968, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 19.02.2018.

.....
Sted/dato

underskrift søker/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Statens vegvesen Region vest, Pb. 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no



Framoversikt / stoppsikt
45 meter

Frisikt 45m

Stengt

r=12m

FV 565

4814

4813

ROS 5




Situasjonskart - Fv. 565 - Radøy
Avkøysle - gnr. 48 bnr. 3 m.fl
19.02.2018
Målestokk 1:1000
Statens vegvesen


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017



LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE

